



## **REVISJON AV KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2019 - 2023. UTKAST TIL PLANPROGRAM**

### Innleiing:

Kommundelplanen for idrett og fysisk aktivitet er ein tematisk plan, eit politisk styringsverktøy og ta opp i seg relevante problemstillingar innanfor idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv.

Eksisterande plandokument vart utarbeidd i 2009/2010.

Føremålet med planen er å ha ein politisk vedtatt og oppdatert plan for utvikling av idretts- og friluftsanlegg i kommunen.

### Bakgrunn og føremål med planarbeidet:

Kommundelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010 – 2013 skal reviderast. Jf. Sula kommune sin planstrategi 2016 – 2020, skal planen reviderast i 2017.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, særskilt i ft. til grupper som ein vil anta blir særleg berørt, samt kva for alternativ som vil bli vurdert og behov for utredningar.

Planen skal vere eit politisk styringsdokument, og ta opp i seg relevante problemstillingar innanfor idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv.

Kommuneplanens samfunnsdel 2010 – 2020, vedtatt i kommunestyret, sak 35/11, pkt 1.1.3.1 og 1.2.1.4 seier noko om langsiktige utfordringar innan ulike kulturaktivitetar og mål for å styrke og oppretthalde frivillig medverknad. Ein av stregiane er å etablere dialog med frivillige lag og organisasjonar og skape arena for samhandling (pkt. 1.3.1.4).

I vegleiar for frå Kulturdepartementet (rev. utg 2014) om kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet, heiter det m.a.:

«En vedtatt kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er en forutsetning for å kunne søke om tilskudd fra de statlige spillemidlene til idrettsanlegg, samt tiltak og områder innenfor fysisk aktivitet og friluftsliv generelt»

Kulturdepartementet set minstekrav for planen sitt innhald :

---

<b>Adresse:</b> Postboks 280 6039 LANGEVÅG	<b>Telefon:</b> Sentralbord: 70 19 91 00 Saksbeh: 70199100 Telefaks: 70199101	<b>E-post:</b> postmottak@sula.kommune.no <b>Web:</b> www.sula.kommune.no	<b>Bankgiro:</b> 4212.23.28079 <b>Skattekonto:</b> 6345 06 15317	<b>Foretaksnr.:</b> 964 980 543
--	--	--	---	------------------------------------

---

- Målsetting for kommunen sin satsing på idrett og fysisk aktivitet, her også friluftsliv.
- Målsetting for anleggsutbygging og sikring av arealer for idrett og fysisk aktivitet
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet
- Gjere rede for samanheng med andre planar i kommunen
- Prioritere handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg
- Ha uprioritert liste for langsiktige behov for anlegg
- Lokalisering av eksisterande og planlagte anlegg, område og friluftsliv og arealbehov for planlagte anlegg og område for friluftsliv bør framgå av relevante kart.

#### Planprosessen med fristar og deltakarar:

Oppgåve/aktivitet	Framdrift
Utkast til planprogram i Planutvalet. Vedtak og varsel om oppstart. Planprogram lagt ut til off. ettersyn i min. 6 veker.	Oktober – desember 2017
Behandle innkomne innspel og merknadar til planprogram	Januar - februar 2018
Vedta planprogrammet i Planutvalet	Februar 2018
Arbeid med planutkast, gjennomføre medverknadsprosesser, eventuelle utredningar, analyse. Skrive ferdig utkastet. Lage sak til Planutvalet - planutkast til off. ettersyn i min. 6 veker.	Mars – september 2018
Vedtak i Planutvalet om å legge planutkast ut til off. ettersyn	Oktober 2018
Off. ettersyn - 6 veker. Frist for merknadar og innspel.	Oktober - desember 2018
Behandle merknadar, førebu sak til Planutvalet – innstilling	Januar – februar 2019
Behandling og endeleg vedtak i kommunestyret	Februar/mars 2019

Plan- og bygningsloven sine bestemningar legg føringar for planprosessen med kommunedelplanen, særleg gjeld det §§ 4-1, 4-2, 5-1, 5-2, 11-12, 11-13 og § 11-14.

#### Deltakarar:

Styringsgruppe vil vere rådmann med leiarteam.

På vegner av rådmannen står eining for kultur for ansvaret for organisering av arbeidet og utarbeiding av planforslag. Det blir oppretta ei arbeidsgruppe som består av kulturleiar Ingunn Krosby, folkehelsekoordinator Renate Love og planleggar Morten Ugelvik.

#### Aktuelle referansar kan vere:

Rådet for likestilling av funksjonshemma  
 Barnerepresentanten  
 Ungdomsråd  
 Eldreråd  
 Elevråd  
 Sula idrettsråd  
 Driftsleiar ved PBD, eigedom  
 Rådgivar for HS-sektor  
 Sunnmøre friluftsråd  
 Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal  
 Idrettskretsen Møre og Romsdal

#### Opplegg for medverknad:

Plan- og bygningsloven set krav til medverknad i planprosessen generelt, og særskilt i frå grupper som

ein vil anta å bli særleg berørt.

I samband med utarbeidinga av sjølve planforslaget vil ein halde dialogmøte/workshops med utvalte referanse- og brukargrupper, eller offentlege organ dersom det blir vurdert som nødvendig av arbeidsgruppa.

Utkast til planprogram og sjølve planforslaget vil bli lagt ut til offentlig høyring med minimum dei frister for uttale som er lovfesta for dette.

Behovet for utredningar:

Kommunedelplanen er tematisk og skal bidra til å legge rammer for framtidig utvikling. Planen skal kartlegge behov, vise utviklingstrekk, gi retning for ønska utvikling og peike på konkrete tiltak.

Dei enkelte tiltak som blir prioritert inn i handlingsprogrammet, anten dei er i regi av offentlege instansar eller frivillige lag og organisasjonar, skal utredast og realiserast som eigne prosjekt av den som set tiltaket i verk.